



NYE VOLDA KOMMUNE

REFERAT – RESSURSGRUPPA I HELSE- OG OMSORG

Møte på Hornindal omsorgssenter

01.04.2019 kl. 14:00-16:00

Til stades:

Svein Berg-Rusten, helse- og omsorgssjef/prosjektansvarleg
Ragnhild Aarflot Kalland, einingsleiar omsorg
Ingunn Gjengedal, konst. ass helse- og omsorgssjef
Mary Anne Espe, einingsleiar helse
Mona Helen Kile, einingsleiar førebygging, rehabilitering og legeteneste
Hovudtillitsvald Fagforbundet Volda/Hornindal, Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter
Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Hornindal, May Britt Lillestøl

Fråfall:

Tillitsvald for legane, Bent Ingebrigtsen
Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Volda, Vydmane Solominiene

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg
1. Høyringsuttalen	Oppfølging
Prosjektleiar har oppsummert og kommentert høyringsinnspel som kom inn i høve høyringsuttalen. Dette dokumentet er sendt ut til alle tilsette som har kommunal e-post i Volda kommune. Dokumentet er offentleg.	SBR
Prosjektleiar ber deltakarane i ressursgruppa om å distribuere dokumentet til alle tilsette i Hornindal kommune.	

Aktivitet	Ansvarleg
2. Prosessen vidare	Oppfølging
- Sak om sektorprosess skal opp i Fellesnemnda 4 april. Det endelege organisasjonsutkastet skal då vere klart. Etter vedtaket i Fellesnemnda blir ny organisasjonsstruktur i helse- og omsorg – Nye Volda offentleg.	SBR
- Arbeidsgjevar skal, saman med dei tillitsvalde, sjå på innplassering i leiarstillingane i Nye Volda. Prosjektleiar	

kallar inn til møte med t.v. i Volda & Hornindal for å gå gjennom prosessen vidare. Kvalifikasjonskrava i Hovudtariffavtalen skal ligge i botnen. Andre kriteriar for utvelging/plassering skal hovudtillitsvalde og administrasjonen bli samde om.	
---	--

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p>3. Stillingsomgrep</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er viktig at ein ryddar i omgrepa som blir nytta i sektor helse- og omsorg ved overgang til ny organisasjonsstruktur. Til dømes blir det i dag nytta nestleiarittel både ved dagsenteret for eldre og ved sentralkjøkkenet ved Volda omsorgssenter. Dette er ein tittel som går ut i ny struktur. - Det har i tillegg vore ytra behov for stedfortredar for teamleiarar i ferieavvikling i Volda. Dette er det ikkje lagt opp til i ny organisasjon. I Hornindal har 4 sjukepleiarar fått framforhandla ekstra lønstillegg for å fungere som teamleiarar i ferieavviklinga. Dette er noko ein må vere bevisste på/sjå på ved overgang til ny kommune. - Ressursgruppa drøfta i møtet kva type stillingsomgrep ein ser føre seg å nytte i «nye» helse- og omsorg. Prosjektleiar viste til dei overordna organisasjons- og leiaromgrepa i nye Volda kommune; <p>Rådmann Sektor – kommunalsjef Avdeling –avdelingsleiar Seksjon – seksjonsleiar Fagleiar</p> <p>Ressursgruppa er samstemte på å nytte dei overordna organisasjons- og leiaromgrepa; Avdelingsleiar (no einingsleiar) Seksjonsleiar (no teamleiar) Fagleiar</p>	SBR

Aktivitet	Ansvarleg Oppfølging
<p>4. Delegering til leiarane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mal for delegering skal opp på leiar møtet i nye Volda i morgon, tysdag 02.04.2019. Rådmann og kommunalsjefar har enno ikkje fått delegeringane sine. - Det vil bli tatt utgangspunkt i dei delegeringane som vart utarbeidd i 2017. Her blir det større eller mindre endringar, alt etter endra ansvarsområder osv. 	SBR

<ul style="list-style-type: none"> - Det vart diskusjon i gruppa på ulikheiter mellom delegering og stillingsomtalar. Konklusjonen vart at leiarnivåa får delegering og faggruppene får stillingsomtalar. - Det er viktig å få på plass gode og rette stillingsomtalar til alle tilsette i nye-Volda, der forventningar til medarbeidarar blir utheva og presisert. Dette vil vere eit viktig grunnlag for å drive fram auka evne til fleksibilitet og løysingsvilje. 	
---	--

Aktivitet 5. Transport- vaskeri tenester	Ansvarleg Oppfølging
<p>Prosjektleiar hadde spørsmål knytt til transport ordninga innanfor helse- og omsorgstilbodet i Hornindal;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hornindal kommune eig ein Transporter som blir nytta til henting av dagpasientar og til turar osv. Frivillighetssentralen har ansvaret for administreringa/utlånet av denne. Kommunen har elles 2 leasingbilar med inngått avtale i 2-3 år til. - Coop og Helsehuset har laddestasjonar i Hornindal. - Vaskeriet har 64 % stilling. Dei vaskar bebuarklede og uniformer til dei tilsette. Lokala ved vaskeriet har nettopp hatt tilsyn og det er varsla munnleg at det vil kome avvik i høve lokalitetane. Dette er eit tilbod ein må sjå nærare på i ny kommune. <p>Det vart avslutningsvis ytra bekymring for overgang til nytt journalsystem, Gerica. Dette må det snarast takast tak i.</p> <p>Møtet i dag var det siste avtalte ressursgruppemøtet. Gruppa blir sittande enn så lenge til heile prosessen er avslutta.</p>	<p>SBR</p>

Volda 02.04.2019

Ingunn Gjengedal (ref)